

KVA ER EIN GOD KULTURKOMMUNE FOR MEG?

Kultur er et vidt omgrep. I denne samanhengen kan vi definere det som kunnskap og vaner som ein gitt gruppe menneske tileignar seg, det betyr både sokalla finkultur og kvardagskulturen. Det er sistnemnde eg normalt arbeidd med gjennom jobben i Sogn og Fjordane Ungdomslag.

Det er òg nokre rammar som må ligge til grunn for en diskusjon om kva en god kulturkommune er. Vi gjer sjølvsagt nokre val når vi bur i Sogn og Fjordane. Vi kan ikkje få i pose og sekk, men det betyr ikkje at vi ikkje skal ha et godt og variert kulturtilbod. Vi må kanskje heller tenke litt annleis og spele på andre strenger enn kommunar dominert av tettstader og bysentrum.

Sett under eit har Sogn og Fjordane nedgang i folketalet. Eg trur at kommunar som evner å sjå heilheita i kulturlivet, og trekke vekslar på det frivillige kulturarbeidet, vil stå sterkare i konkurransen om å tiltrekke seg nye innbyggjarar.

Vi har andre kvalitetar, vi er både annleis og trivselsfylket!

Sogn og Fjordane er heller ikkje et homogent fylke. Det er store variasjonar i kulturpolitikken mellom kommunane. Frå Fjaler, Førde og Gloppen som har kultursjefar eller kulturleiarar, kor vi òg har teaterfestival, Førdefestivalen og musikkfestival, til kommunar som ikkje utmerker seg med en aktiv kulturpolitikk, verken i administrasjon eller blant politikarar.

Ser vi på kulturbarometeret til Telemarksforsking, er kulturutgiftene i Sogn og Fjordane samla sett lågare enn landsgjennomsnittet, men seks av 26 kommunar brukar òg meir enn landsgjennomsnittet. Samtidig gir lave kulturutgifter òg dårlege føresetnader for et godt kulturtilbod.

Likevel betyr ikkje dette at kommunar i Sogn og Fjordane ikkje har moglegheiter og evner til å satse på et variert kulturliv.

Her må eg òg legge til at tala til Telemarksforsking litt misvisande. Telemarksforsking bygger statistikken sin på tall frå SSB og KOSTRA. Her er det berre kommunalt eigde kulturbygg som vert fanga opp av statistikken. Ingen av dei 400 lokale kulturbygga eg representerer er i denne statistikken!

Tek vi omsyn til dette, så det skjer det mykje og det skjer spennande ting i mange kommunar! Samstundes har mange kommunar myke å hente på å samarbeide tettare med slike aktørar som eg representer.

Så kva er en god kulturkommune for meg?

En god kulturkommune for meg, er ein kommune med eit definert ambisjonsnivå, som har kunnskap og vilje til å realisere ein kulturpolitikk for sin kommune, det er en kommune med nærvær, med kontakt, med engasjement, med kultursjefar og kulturkonsulentar, med vilje til å prioritere den lokale kvardagskulturen. Og ikkje minst er det kommunar med engasjerte kulturpolitikarar!

Dette er òg kommunar som vil bidra til å utvikle sine lokalsamfunn. Dette trur eg òg er kommunar som vil oppleve positiv omdømmebygging og stå fram som vinnarar i kampen om nye innbyggjarar.

Til slutt: På vegne av Sogn og Fjordane ungdomslag har vi òg nokre forventningar til morgondagens kulturkommunar. Vi gjennomgår store endringar i kommunestrukturen. I Sogn og Fjordane går vi frå 26 til 18 kommunar i 2020.

Formålet med kommunereforma er å sikre gode tenester og eit godt lokaldemokrati. Regjeringa vil mellom anna sikre innbyggjarane gode og likeverdige tenester, styrke lokaldemokratiet og ha robuste og berekraftige kommunar. Målsetninga er altså å sikre at kommunane har tilstrekkelege ressursar, både økonomisk og fagleg til å levere disse tenestene nå – og i åra som kjem.

Så langt eg har klart å lese meg frem til, er kulturlivet ikkje nemnt som faktor i kommune- og regionreforma. Men med større kommunar, meiner Sogn og Fjordane Ungdomslag at dette òg må gje seg uttrykk i større ambisjonar innanfor kultursektoren. Skal desse kommunane i framtida ha rolle som regionale motorar, må dei òg ta større ansvar som kulturkommunar, med eigne kultursjefar, kulturkonsulentar og økt fokus på det frivillige kulturarbeidet!

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane